

Saksprotokoll i utval for kultur, idrett og regional utvikling - 20.06.2017

Medlem Kari Foseid Aakre (A) er nestleiar i styret for Museumssenteret i Hordaland. Medlem May Eva Sandvik (H) er vararepresentant til styret i Sunnhordland museum og har vore på eitt møte. Begge ønskte utvalet si vurdering om gildskap.

Eit samla utval vedtok at dei var ugild etter fvl. § 6.1, bokstav e, og dei gjekk begge frå.

Det var 10 representantar til stades.

Anita Garlid Johannessen (Frp) foreslo følgjande endring i pkt.1 i fylkesrådmannen sitt forslag:

«1. Utval for Kultur, idrett og regional utvikling vedtek at tilskotsordninga Museumsløft har årstal knytt til seg, slik at for 2017 vert det ei endring i namnet frå «Museumsløft 2016» til «Museumsløft 2017».

Røysting

Fylkesrådmannen sitt forslag vart samrøystes vedteke med Johannesen si endring.

Vedtak

1. Utval for Kultur, idrett og regional utvikling vedtek at tilskotsordninga Museumsløft har årstal knytt til seg, slik at for 2017 vert det ei endring i namnet frå «Museumsløft 2016» til «Museumsløft 2017».
2. Utval for Kultur, idrett og regional utvikling sluttar seg til at tiltak C, *Utarbeide fellesskapsløysingar innan IKT, magasin, arkiv, publikumsutvikling og fotografi, jmf. Regional plan for museum 2011-2015*, ikkje vert del av tilskotsordninga i 2017. Tiltaket er ikkje prioritert med museumsløftmidlar i handlingsprogrammet for 2017, og vert såleis å kome attende til i 2018.
3. Utval for Kultur, idrett og regional utvikling sluttar seg til endring i følgjande setning under søknadskrav, sakshandsaming og vedtak frå «Dei ti konsoliderte musea kan sende inn ein søknad kvar for sitt museum/tiltak» til «Dei ti konsoliderte musea kan sende inn ein søknad kvar på eit prioritert tiltak.»